

**Aktivitetsdag
fenga både
liten og stor**
SIDE 12-13

Strilen

TYSDAG

22. AUGUST 2017

NR. 66 • ÅRGANG 56

LAUSSAL 25,-

Eg syntest at det var heilt forferdeleg med tanke på at det er uerstattelege gjenstandar.

SIDE 4

Heidra innsatsen til Bjørn West-styrkane

– Dei som deltok i Bjørn West-styrkane kjempa for verdiane som me i dag ser som sjølvagte.

SIDE 14-15



Færre innbyggjarar i vekstkommunen

Kommunen bikka nyleg 8.000 innbyggjarar. No opplever dei nedgang i folketalet.

SIDE 2

Netflix spelar inn ny serie i Modalen

■ Mobryggja fullbooka i 6 veker

SIDE 11



Er aktuell som nytt knutepunkt for CO2-lagring

SIDE 5



Jacob (19) var med på kamp i eliteserien

SPORTEN SIDE 18

Onsdagstur 23. aug.

Gjerdsfjellet

Turleiar: Birger Tomasgard tlf. 911 84 915
Frammøte: Ungdomshuset på Hjelmås

Masfjorden:

Lykleien

Turleiar: Lillian Andvik tlf. 416 01 268

Frammøte:

Leitet (Andvik)

Medi. gratis/andre kr. 20,- www.bergen-turlag.no/northordland



MENY
**KRONE-
MARKED**
slik det burde være!

Se alle tilbudene på MENY.no



Kjøttdeig
400g, u/salt og vann

**Pink Lady
epler**
6pk



Evergood kaffe
250g (100,00/kg)

Hverdagsgrovt brød
750g, Bakehuset



Vi tar forbehold om eventuelle trykktfeil og prisjusteringer.
Tilbudene gjelder 21.08-23.08.2017.

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

Kystsøge
vekene

PÅ HOLMEKNAPPEN I MELAND

Laurdag 26. august

- Kl. 11.00 **D/S Øster og M/S Vestgar** ligg ved kai, opne for omvising.
- **Holmestova:** Open for omvising.
 - **Sjøbua Museum:** Open for omvising.
 - **Kystkulturkafé:** Sal av middag, kaffimat /kaffi mm.
Marknad: Sal av div. handverk- og matprodukt mm.
 - **Knappen Handleri:** Opne med eit rikholdig vareutval.
- Kl. 11.30 **Opning av utstilling i Galleri Rustica:**
Maleriutstilling med Annfrid Leikvoll.
Fotoutstillinga «Havet lever og lider» med lokale fotografar.
- Kl. 12.00 **Offisiell opning av Kystsogedagane på Holmeknappen 2015.**
v/ Ordførar Øyvind H. Oddekalv.
- Kl. 12.15 **Konsert/show/allsang: «Salhuskoret»** med god blanding av strilasangar, norske slagere og country»

Underholdning:

- Kl. 11.00 Song og musikk med Øystein, Leif Harald & Co.
- Kl. 12.15 «**Salhuskoret**» med god blanding av strilasangar, norske slagere og country»
- Kl. 13.30 Håpa på besøk av "Hurtigruta"
- Kl. 14.00 Kjell Magne Økland viser opprigga færing og har info. om os-elverbåten.
- Kl. 16.00 **Slutt på kaien.**
- Kl. 16.00 **Holmestova:** Forestilling «Gjest Bårdsen i song, segn og sanning» v/ Linda Røyset Sandhåland song, Agnar Sagstad forteljing og Leif Johnsen opplesing.
- Kl. 18.00 **Tur med D/S Øster**
Holsnøy rundt med ein avstikker rundt Alverstraumen.
Song og musikk.
Rekebuffé, servering, bill kr. 350,-.
For billetter kontakt Åge Skjelvik 97686875.
Alf Rykkje 94277488.

Sundag 27. august

- Kl. 09.00 **Frukostbuffé:**
Arr. Komiteen inviterer til frukostbuffé i kaféelletet.
- Kl. 11.00 **Friluftsgudsteneste: med barnedåp**
Holmeknappen kai v//prest Torbjørn Aamli.
Arr. Meland Sokneråd.
- Kl. 12.00 **Utdeling av Meland Kommune si «Kulturrose»**
- Kl. 12.15 **Strileshow: med Cato og Claus**
Strilekulturen var og er full av skarpe profiler. Cato og Claus alias Cato Jensen og Claus Sellevoll, går tett på dei frodige karakterane og byr publikum krambuedrops gjennom muntre sketsjar og songar frå eit miøje og ein kultur som dei fleste kjenner til på Vestlandet.
- Kl. 12.00 **Marknad:**
• Sal av div. handverk- og matprodukt mm.
• **D/S Øster og M/S Vestgar** ligg ved kai, opne for omvising.
• **Holmestova:** Open for omvising.
• **Sjøbua Museum:** Open for omvising.
• **Kystkulturkafé:**
Sal av middag (raspeballar), kaffimat/ kaffi mm.
• **Knappen Handleri:** Opne med eit rikholdig vareutval.

Underholdning:

- Kl. 12.15 **Strileshow: med Cato og Claus**
- Kl. 13.30 Håpa på besøk av «Hurtigruta»
- Kl. 14.00 Atle Bergseth viser opprigga færing og har info. om rogruppe-planar i Meland.
- Kl. 15.00 Song og musikk med Øystein, Leif Harald & Co.
- Kl. 16.00 **Slutt på kaien.**
- Kl. 19.00 **Konsert i Galleri Rustica:** May Sissel m/ band.

Parkering: v/ Waldebygget. Skyss med veteranbuss. Inngangsbill. vaksne kr. 100,- og barn kr. 50,-. Trekning av dagsgevinstar på inngangsbill. Kl. 15.30.
Du kan sjå, handla og smaka frå mange bodar: Sild, Klippfisk, Lefser, Spekemat, Trearbeid, Smykke, Kunst, Hudpleieprodukt, Strikka og Tova produkt, mm.
Aktivitetar for born og unge. «Elias» båten kjem.

Tusen takk til våre
gode sponsorer:


Skage Taksering
Kontakt: Tel 471 79 040
post@skagetaksering.no


KIWI FAST
mini pris
Frekhaug


KNARVIK SENTER
Møteplassen for handel og kultur


Litlebergen
Båtsenter AS


Statoil


KNARVIK
KIROPRAKTOR KLINIKK
Oppe ved senterkontoret
Timebestilling tlf.: 56 35 36 70


JM Dale
Transport AS


BETONGENTREPRENØR
Terje Dale


KVERNELAND BIL
Ren bilglede. Siden 1921.


LAB


Frisor Loftet


MELAND AUTO AS
AUTORISERT BILVERKSTAD


MELAND ELEKTRO
AUTORISERT ELEKTRENTREPRENØR


FRAMO
an Alfa Laval brand


REIGSTAD
MASKINSENTER AS


SALAR
SMOLT AS
5917 Rossland


REMA 1000
Frekhaug


Montér
Knarvik


Strilen

Stiftinga Kystsøgevekene

www.kystsøgevekene.no

KIWI'S PRISLØFTE

**VI GIR OSS
ALDRI
PÅ PRIS!**

49⁹⁰



EVERGOOD KAFFE
500 g filter/kokemalt, pr. kg 99,80

KIWI mini pris

Kjøp kjapt, trygt og billig



LA NED KRANS: Hallvard Oppedal la ned krans ved bautaeen som er reist til minne om dei som fall i kampene i Masfjord-fjella i heim, Odd Narve Tindeland, Arne Lampe, Henning Wernøe og Johan Hansen Gatland. På bautaeen er også Torgeir Stordal, som trekt lengre austover.

- Må ha historia m

STORDALEN: – Det er umåteleg viktig at me hugsar den innsatsen og dei ofra som vart gjort.

Av Ketil Tjøre
ketil@strilen.no

– Dei som deltok i Bjørn West-styrkane kjempa for verdiane som me i dag ser som sjølvsgagt, sa Hallvard Oppedal i sin tale i Stordalen søndag, ved bautaeen over dei som fall i striden i Masfjord-fjella mot slutten av siste verdskrigen.

Gulen-ordførar Oppedal peika på at no som det er færre att av den generasjonen som sjølv opplevde tysk okkupasjon, så vert det stadig viktigare at resten av samfunnet har denne delen av historia med seg, for å unngå at noko liknande kan skje igjen.

– Me må ha eit forsvar som er budde på dei farane som kan truga landet vårt, sa Oppedal. Han peika på at Heimvernet vart bygd opp like etter siste verdskrigen, og at lokal tilknytning og kunnskap var ein viktig grunn til at Bjørn West-styrka-



UNDER TAK: Hallvard Oppedal heldt talen i år. Til venstre veteran Nils Christian Eknes, til høgre veteran Ivar Kristoffersen.

ne kunne driva si verksemd på okkupert jord.

– Me har lett for å tru at det i dag ikkje er trugsmål eller fare for krig i vårt område, men me veit frå historia at dette kan endra seg fort, sa Oppedal.

Verdiar

Årets talar er som namnet tilseier frå Oppedal, på nordsida av det fjellområdet der Bjørn West-styrken var aktiv siste del av verdskrigen. Bygda hadde folk med i styrken og som kontakt-

personar, og Hallvard Oppedal vart slik tidleg kjent med historia om styrken.

– Desse unge mennene i Bjørn West var villige til å gå i kamp for dei norske verdiane som me set så høgt: Friheit, demokrati, toleranse og menneskeverd. Desse verdiane var truga, og våre ungdommar var villige til å ofra alt, ja til og med livet, sa Oppedal i talen sin.

Bjørn West-styrken kom ved fleire høve i kamp med tyske styrkar, og fleire stader er langsmed



1945. Bjørn West-soldatane som fall i Masfjordfjella var Arnold Mathiesen, Jakob Aasvart skoten av dei tyske styrkane då dei dei kom til Stordalen etter at Bjørn West hadde



SAMLING: Hallvard Oppedal (til høgre) hadde minnetalen ved bautaein i år. Her er han i samtale med to av veteranane som var til stades i år, Sverre N. Sivertsen frå Bergen (til venstre) og Halvard Fosse frå Masfjorden, busett i Bergen. Ivar Kristoffersen frå Bergen og Nils Christian Eknes frå Knarvik var også tilstades ved markeringa i Stordalen. Foto: KETIL TJORE



KONSERT: Torstein T. Holmås (frå venstre), Tore Kloster og Frode Skag Storheim stod for årets konsertinnslag i Stordalen. Foto: KETIL TJORE

Med oss, så det ikkje skjer igjen

ruta for den lengste varianten av marsjen, frå Little-Matre stølen.

– Fekk ris på baken

Bjørn West-veteran Sverre N. Sivertsen er usikker på om folk flest i dag forstår viktigheita av å ha eit forsvar.

– Me fekk svi den gongen, og såg kvifor det er nødvendig med eit forsvar, seier Sivertsen, og viser til korleis landet vart hærteke på kort tid.

– Det som skjedde var ris på baken, og me måtte vakna og verta aktive. Då såg me at det var nødvendig med eit forsvar.

– Eg trur ikkje folk i dag ser alvorret i desse tinga, seier Bjørn West-veteran Halvard Fosse. Fosse er frå Fosse, mellom Matre og Stordalen, og kom med i styrken som sekstenåring.

– Han var den yngste me fekk inn, berre seksten år gammal, seier Sivertsen. Av dei aktive deltakarane i Bjørn West-styrken er det i dag åtte attlevande. Fire av desse var til stades på markeringa i Stordalen søndag, i tillegg til Sverre N. Sivertsen og Halvard Fosse var dette Ivar Kristoffersen og Nils Christian Eknes.

414 deltakarar

Årets Bjørn West-marsj samla i

alt 414 deltakarar, der 193 gjekk den lange varianten frå Little-Matre-stølen og til Stordalen, medan 221 tok den kortare varianten frå Nystølen og til målpassering ved Stordalen Fjellstove. Marsjen går i ei rute som vart brukt av Bjørn West-soldatane under den siste verdskrigen.

Årets marsj var den 35. i rekka, og på desse åra har deltakar-talet variert mellom 360 og opp til 970, rekorden vart sett i 1990.

– 414 deltakarar i år må me seia oss nøgde med. Værmeldingane har ikkje vore dei beste dei siste dagane, men når dagen rann vart det ganske bra likevel, seier Birger Wergeland i arrangørstaben.

Åtte har gått alle

– Det er åtte personar som har gått alle åtte gongane, det er Lars Andås, Kristian Børge, Atle Bondevik, Arnold Matre, Einar Matre, Erlend Matre, Henry Rath og Asbjørn Sætre, seier Wergeland, som har vore med på å arrangera marsjen i 33 av dei 35 åra.

Som no og tidlegare vert marsjen i 2018 arrangert nest siste helga i august. Bjørn West-marsjen vert arrangert som eit samarbeidsprosjekt mellom for-



GJEKK MARSJEN: Svein Haugsdal, Grethe Haugsdal (midten) og Cathrine Haugsdal gjekk den lengste marsjen. – Det var litt blautt enkelte stader, men elles bra å gå, seier dei. Foto: KETIL TJORE

eininga Bjørn West, Bergenhus heimevernsdistrikt 09 og Masfjorden kommune, samt Bjørn West-museets venner, Ytre Sogn

turlag, Nordhordland turlag, Bjørn West IL, Risnes IL, Fjorden kommune, samt Bjørn West-museets venner, Ytre Sogn

MISJONSTREFF I KNARVIK MISJONSHUS

Laurdag 26. august kl. 17.00
Tale ved misjonær **KJELL AARDAL**

Innslag frå TEFT familie
ved fam. Fylkesnes.

Ettermiddagskaffi.
Store og små er
hjarteleg velkommen.



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Vil du jobbe i lokalavis?

Her er ledig stilling:



vol.no
Vesterålen Online

søker 1-2 journalister
til Sortland

Les annonsene på
medier24.no/stilling

LANDELAGET FOR
LOKALAVISER

isamarbeid med

M24



Ledig plass?

Prøv ein stillingsannonse
i lokalavisa, då rekk du
ut til kandidatar med
kjennskap til nærmiljøet.

56 34 30 30
annonse@strilen.no

Strilen



MASFJORDEN KOMMUNE

«ein kommune me er stolte av»

Søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS

Søknad om løyve til utviding av anlegg
for oppdrett av matfisk av laks og aure
på lokalitet 11644 Ak 11, Duesund
Masfjorden kommune.

Engesund Fiskeoppdrett AS søker om løyve til
auka maksimalt tillaten biomasse i anlegget frå
1560 tonn til 2340 tonn. Ein auke på 780 tonn.

For ytterlegare informasjon viser vi til søknaden.

Søknaden er lagt ut for gjennomsyn på kommune-
huset, Masfjordnes, i tida 18.08 – 15.09.2017.
Og på heimesida masfjorden.kommune.no

Kontaktperson: Roald Kvingedal,
e-post: roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

BLI MED

på ei spanande reise i lokalhistoria.
Biblioteka i Nordhordland presenterer
strilehistoria frå steinalder til oljealder.
Første foredrag i haust vert på biblioteket
i Knarvik.

Johan Ragnar Myking held foredraget
«Bergensarane skapar
strilen (1650 - 1850)»
onsdag 23. august kl. 19.30.

Foredragsrekka er støtta av: Nasjonalbiblioteket
og Nordhordland folkeakademi.
Gratis inngang - velkomne.



Det er ikke så mye som skal til

Et medlemskap i Røde Kors koster ikke mer
enn 300 kroner i året. Men som medlem gir du
helt avgjørende støtte til vårt arbeid for ensomme
mennesker, barn og unge som har mye å slite
med, flyktninger og innvandrere som trenger
hjelp til å orientere seg i en ny hverdag. Kort
sagt, som medlem er du med på å gjøre Norge
til et varmere samfunn.

Bli medlem i dag:

Send medlem som SMS til 2272
eller bli medlem på rodekors.no

+ Røde Kors

Vi les lokalavisa grundig. Ta kontakt med
lokalavisa di i dag for å planleggje marknadsføring
som fungerer godt i lokalsamfunnet.

Strilen



PRØV PROFILERING I ALLE KANALER

STRILEN KAN TILBY ANNONSERING
PÅ PAPIR OG DIGITALT

For annonseplass, ta kontakt med din marknadskonsulent.
For bestilling av annonse: 56 34 30 30 | annonse@strilen.no


Strilen

Flott konsert i nothuset

Sundag 13. august var det endeleg tid for Sommarscena 2017.

Lars-Martin Myhre heldt konsert i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling i nothuset på Sandnes søndag. Den garva artisten tok seg god tid og underheldt publikum med eigne viser og akkopagnerte seg sjølv på gitarar i ulike interessante stemningar. Me musikarar er sjåforar og altmoglegfolk som spelar litt på midten av eit oppdrag, sa han spøkefullt og viste til den lange kjøreturen frå Sandefjord der han bur. Difor meinte han at han måtte halde på ei stund når han vel var på plass, og ikkje berre ein liten time som oppdraget var. Dette var ikkje publikum ueinige i. Dei humra godt til skronene han serverte frå sitt lange musikaliv og song vakkert med på nynnevers saman med Myhre. Sjølv om det var ein heller gufsen kveld i nothuset gjekk ein varm om hjarta frå sjøen søndag.

Tekst / foto: Sommarscena



Sommaren 2017 frå bonden sin synstad

På markene i Meland går ein gamal bondemann med slåmaskin som gåstol slær han gras et under «vann» - Men når han så er ferdig då seier han som så: No sku' eg gjene hatt ei mark til som eg kunne slå.

Men kor tid finn eg teigen utan vatn på?

Magne Rifsgård

Gjengen på handelslaget

Dei samlast på ein benk ved inngangen. I fjor var dei dei fire, i fjor var dei tre, i år er det ein att.

Politikkens ping-pong

Det me meinte før, meiner me no òg. Men me seier det ikkje høgt.

Gamalt vêrteikn

Det blåna i sør. Då galdt det å få tørrhøyet i hus i ein fart.

Jarle Sylta

Minneord om Ottar Arne Johansen

Ein heidersmann i Kvamsvågen og Alversund-bygda er borte. Ottar Arne Johansen er ikkje i blant oss lenger.

Hausten 2016 kom det så uventa på oss alle som sokna til Kvamsvåg Landhandel, då me fann brev med Ottar sin signatur i postkassane våre: Grunna alvorleg sjukdom måtte han innstille drifta og leggje ned butikken. Heilt uverkeleg, var den første tanken vår. Men snart fekk me vite at det var han sjølv som var råka av alvorleg sjukdom, og hadde fått tilmålt tid igjen til å leve.

Etter kvart frette me at Ottar saman med familien ønskte framleis butikkdrift i Kvamsvågen. Han ville ikkje gje opp sjølv i den vanskelegaste tida. Utpå våren kunne Ottar sjølv klippe snora ved opninga for vi butikkdrift - noko som gleda oss alle. Men han hadde ikkje særleg lyst å «stikke seg fram». Det var slik han var; sette alt og alle over seg sjølv. Ein Heidersmann.

Det var kjekt å sjå han etter-

kvart langs vegene ute på spaseretur - dette gav håp. Å spasere langs vegane var nok utenkjemleg medan han dreiv Kvamsvåg Landhandel. Den har han drive sidan for han fylte 16 år, då faren brått gjekk bort i 1964.

Ottar tok då ansvar som eldstemann i søskenflokk. Si eiga utdanning måtte brytast av det året, endå han gjekk ut av realskolen med svært gode karakterar. Det var ingen som høyrde han klaga seg over det. Her var det familiebedrifta - som farfar Oluf Johansen starta tidleg på århundret - som skulle først vidare. Omsynet til framtida for mor og yngre søsken sette han langt over sine eigne interesser.

Saman med familien og hjelpearar ellers i bygda kunne han framleis få kjørt ut varer til dei kundane som hadde slik avtale den tida då faren dreiv. Den gongen var det i tillegg til vanlege varer også utkjøring av kraftfor og koks i 50 kilo sekker - slik det var vanleg i landhandleria den tida. Sidan han var for ung til å ta sertifikat, fekk han god hjelp frå naboar i bygda

som stilte opp på kjøring. I tillegg dreiv dei postkontoret 5104 Kvamsvåg. Mora Sigrid og søsken hans Ottar hjelpte til i butikken etter kvart som dei vaks til. Søstera Kirstin vart ei kjent butikkdame for oss. Etter kvart vart det mogleg å ha fast tilsette - og Ottar vart sett pris på som ein god arbeidsgjevar. Likevel tok han sjeldan fri. Einaste heile friveka han hadde frå butikken dei 52 åra han dreiv - var ei veke på samanhengande HV-øving.

Butikken vart driven godt, og kunne utvida og modernisere lokala midt på 1980-tallet. Sjølv sagt vart postkontoret i Kvamsvåg lagt ned i Posten sin landsomfattande kampanje. Også Tippinga vart inndregen, grunna for liten omsetnad. Konkurransen frå alle matvarekjedane som etter kvart slo seg ned få kilometer unna, hardna til. Men Ottar hadde bestemt seg for å vere der for sine trufaste kundar - og heilt til det siste leverte han varer på huset til dei som ønskte det.

Nokre av oss har så og seie vakse opp med Ottar, heilt frå

tida me som ungar gjekk til Knut i Kupå og såg fjernsyn - og til me gjennom heile voksenalderen har kunna rekna med både Ottar'n og butikken. På same vis som så mange huslydar - frå Alver til Litlelskare. Kanskje er det ikkje så løye at ungar og ungdommar etter kvart kalla butikken i Kvamsvågen for nettopp «Ottar'n».

Ottar hadde mange ulike interesser, og med sitt framifrå minne hadde han stor kunnskap om både idrettsrekordar og om historie. I ungdommen var han oppteken av kvardagsidrett, og særleg var fotballspillet på Myræ ved Ungdomshuset viktige hendingar. Etter kvart vart det noko konkurranseskyting, og frå eit skyttarstevne på Voss kom han heim med pokal for framifrå skyting.

Ottar var ein ivrig og engasjert fugleekspert, og mange er dei samtalane om fuglelivet i Fossemarka og andre stader der han hadde vore. Han var og ein svært dugande naturfotograf, og med i Nordhordland Fotoklubb frå starten. Hans foto kom med i kalenderane, og han vann ein

klubbkonkurranse med eit flott foto frå Fedje. I seinare år har han og leita fram mange andre lokale bilete frå farne tider - og gitt dei utstillingsplass i butikken.

Det er ikkje råd å femne alt det gode me minnest om Ottar - og noko skal vere usagt att som personleg eige.

På sitt stillfarne og lune vis vart han ein bauta for mange, ein som stolte på folk og som folk kunne lite på. Butikken er der framleis, for oss som eit minne om livsverket hans.

Ottar sovna inn i heimen sin den 13. juli om kvelden.

Me kjenner sorg og sakn etter ein traust handelsmann, ein stødig bygdemann og ein god ven. Me kjenner takksemnd over alt av stort og smått me har fått dela med Ottar'n. Tankane våre går og til familien hans, som han sette så høgt og var stolt av.

Me lyser fred over Ottar Arne Johansen sitt gode minne.

Alversund, 30.juli 2017
Petter Hogne Fosse
Leiv Steinar Åsebo
Jan Yngve Kvamme
Arne Magnar Kvamme

Vatne

Begravelsesbyrå as

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø

Ordner alt ved gravferd og kremasjon i distriktet og i byen.

Kontor Tlf. 56 35 09 10 - Døgnope



Blomster til alle anledninger!

Telefon: 56 35 62 20

www.knarvikblomstertove.no



Hjertelig takk

I forbindelse med vår kjære **Magne Tangens** dødsfall 7 juli, vil vi takke for all medfølelse, blomsterhilsener til hjem og kirke, og pengegaver til "Austrheim hjemmesykepleie". Vi vil også takke Post 2- Kreftavd./ Parkbygget- Haukeland sykehus, Hjemmesykepleien i Austrheim, Dr. Jarle Gallefoss, Vatne Begravelsesbyrå, vår gode Prest, Geir Øy, og Lisbeth Morken for nydelig sang i kirken.

Helle m. familie

BAKSIO

	SOLA	FLO	FJÆRE
TYSDAG 22/8:	06:08/21:13	12:22/*	06:03/18:19
ONSDAG 23/8:	06:11/21:10	00:35/13:04	06:47/19:04
TORSdag 24/8:	06:13/21:07	01:16/13:44	07:30/19:43
FREDAG 25/8:	06:15/21:04	01:55/14:22	08:12/20:24

Tips oss på telefon 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20 - E-post: avisa@strilen.no - www.strilen.no

GODT SAGT

Man kan ikke stå så lett på ski at sporene ikke sees.

FINSK ORDSPRÅK

NAMNEDAG

22/8: Harriet, Harry

23/8: Signe, Signy

24/8: Belinda, Bertil

25/8: Louise, Lovise, Ludvig

VÉR OG VIND

I dag: Delvis skya, svak vind frå sør-sørvest. Opplett.
I morgon: Delvis skya, svak vind frå sørvest. Opplett.
Torsdag: Klarvær, flau vind frå vest-nordvest. Opplett.
Fredag: Delvis skya, svak vind frå sør. Opplett.

STINA I STØÆ

Eg ser folk strøymer til for å verta tatoverte i Knarvik. Jaja. Dei får koma ned til meg i Støæ når dei vil ha det pussa vekk...



Cato og Claus skal halda show på Holmeknappen

Kommande helg er det klart for Kystso-gedagane på Holmeknappen. Cato og Claus stiller med nytt strileshow.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

Kystso-gedagane på Holmeknappen er ein årleg tradisjon. I løpet av denne helga brukar rundt 1.000 menneske å ta turen innom for å få med seg marknad, forskjellige utstillingar, gudstjeneste og show.

I kjent stil

– Arrangementet er lagt opp på same måte som tidlegare, så folk som har vore her før vil kjenna seg att, men utstillingane og underhaldninga er nytt. I år skal det også vera barnedåp under friluftsgudstjenesta søndag. Det er jo litt spesielt, seier Åge Skjelvik i arrangørkomiteen.

Underhaldninga på dagtid laurdag er det Salhuskoret som står for. Dei vil synga ei god blanding av strilesongar, norske slagarar og country. På ettermiddagen vert det ei førestilling om Gjest Bårdsen i Holmestova, og så er det sjølvsagt tur med D/S Oster.

I år vil turen med Oster gå rundt Holsnøy og ein liten svipptur innom Alverstraumen. Ombord kan ein eta reker, høyra god musikk og dansa om ein vil.

Søndagen startar med fru-



STRILESHOW: Cato og Claus har besøkt Holmeknappen før, og dei vart så godt likt at dei får komma igjen i år med eit nytt strileshow

kostbuffet og friluftsgudstjeneste. Så vert det utdeling av Meland kommune si kulturrose. Kven som får den kan arrangørane sjølvsagt ikkje røpa endå, men dei kan avsløra at Cato og Claus kjem igjen.

– Dei har vore på Holmeknappen før, men det showet dei

skal visa i år er nytt. Så sjolv om du har sett dei før, bør du nytta sjansen å komma ein gong til, fortel Skjelvik.

Håpar på Hurtigruta

Det vert også song og musikk med Øystein Blom og Leif Harald Olsvoll, før dagen vert

avslutta med ein konsert i Galleri Rustica med May Sissel med band. Parkering skal som vanleg skje oppe ved det gamle Waldebygget og det vil gå veteranbuss som ein kan sitja på med ned på kaien. Hurtigruta har brukt å gå oppom Holmeknappen og helsa til folk der både laurdag og son-

dag, og arrangørane håpar på at ho vil gjera det no også.

Bur du i Meland kommune så har du truleg alt fått programmet i postkassen din, og bur du der ikkje, så er du likevel hjartelig velkommen.

BILLIG MIDDAG HVER DAG **5 VALG** hver dag

25,- pr. pk

BUNNPRIS

59⁹⁰ pr. pk

YTTERØY KYLLINGFILET
Naturell 600 g
99.83 /kg

14⁹⁰ pr. kg

BANANER

19⁹⁰ pr. pk

SØRLANDS CHIPS HAVSALT / SPANSK PAPRIKA / CREME FRAICHE / ØK
200 g
99.50 /kg

29⁹⁰ pr. stk

FREIA STORPLATER
Fra 190 g.

www.bunnpris.no

Tilbudene gjelder t.o.m 02.09.17. Gjelder kun private husholdinger. Forbehold om prisendringer, trykkfeil og utsolgte varer.